

Informasjonsskriv til tilsette – 5. juni 2020



Volda
kommune

Kjære medarbeidar i Volda kommune,

Arbeidsvekene går fort, og kvardagane spenner seg over vide felt. Slik opplevast det nok for dei fleste av oss som arbeider i kommunen. Denne veka har vi ferdigstilt og fått sendt ut dei politiske sakene til formannskapet som skal vidare til handsaming i kommunestyret før ferien. Det er mange store saker på den politiske agendaen.

Det er sett i gang prosess på å utarbeide helse- og omsorgsplan. Planprogrammet som skisserer formålet med planen, organisering, involvering og framdrift skal slutthandsamast i kommunestyret no før ferien. Da startar planarbeidet opp. Helse- og omsorgsplanen skal utarbeidast med grunnlag i forventa folketalsutvikling, alderssamansetting og nasjonale utviklingstrekk i helse- og omsorgstenestene. Planen vil verte kommunen sitt styringsverktøy for desse tenestene, der ein må ta stilling til nivå og standard på tenestene i eit berekraftig perspektiv.

Innkjøpsstrategi for kommunen er ei anna sak. Kommunale innkjøp er nokså sterkt regulert i lov om offentleg innkjøp. Forslaget til strategi legg vekt på at kommunen er profesjonell innkjøpar og opptre profesjonelt for å halde eit godt omdøme. Samtidig ynskjer ein gjennom strategien å ivareta mange omsyn. Både det å oppnå konkurransemessige prisar, men også å ivareta sosiale og miljøomsyn. Vidare er strategien næringspolitisk ved at ein skal utnytte handlingsrommet i innkjøpslovverket til å handle lokalt.

Det er kontinuerleg fokus på dei økonomiske utfordringane til Volda kommune, og rapportering pr 1. tertial vert lagt fram for formannskap og kommunestyre i juni. Koronasituasjonen og føresetnader som ikkje har slått til slikt som planlagt i budsjettet, gjer at vi må bruke meir av disposisjonsfondet enn budsjettet i 2020. Staten sine signal om det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2021, og usikkerheita med konsekvensane av koronasituasjonen, gjer at utfordringane aukar. Ålesund sin situasjon har fått ein del merksemd i media. Gangar ein opp Volda sine økonomiske utfordringar med innbyggjartalet til Ålesund, så er behovet for kutt i Volda på omtrent på nivå med det Ålesund kommune skal redusere med. Da er dei store planlagde investeringane i ny ungdomsskule, svømmanlegg og brannstasjon på Grodås medrekna. Desse investeringane skal kommunestyret ta stilling til i komande budsjett og økonomiplan.

Dette er krevjande, og det er viktig at tilsette, politikarane og innbyggjarane har felles forståing av situasjonen, og kva det inneber å få kommunen på rett kjøl økonomisk.

Kunnskap om situasjonen gir som regel større forståing for grunngjevinga av dei vala som vert tekne. Det går inn på meg at vi vert nøydde til å nedbemanne og er i prosess med førebu oppseiingar i tre stillingar i administrasjonen. Når situasjonen er så vidt alvorleg, så må også slike tiltak gjennomførast. Med felles forståing og felles laginnsats over sektorgrensene, vil vi greie å kome gjennom utfordringane mindre smertefullt enn om vi konkurrerer og kjempar for kvar sitt. Eg er takknemleg for at Volda kommune har endringsdyktige medarbeidarar , som ser heilskapen og har gode haldningar til å gjere sitt beste. Vi har fått ei økonomianalyse som viser kva område Volda kommune driv dyrare enn kommunar vi samanliknar oss med. Dette vil vere eit godt hjelpeverktøy i prosessen. Det er lett å sjå for seg eit scenario der ein berre skal springe raskare og kutte. Vi må sjå ting i samanheng. Det er viktig å ta i bruk kompetansen i organisasjonen. Det er da vi finn balansen mellom god ressursutnytting og gode nok tenester. Med all den gode kompetansen vi har i dykk tilsette er det eit stort potensial for å gjere ting på andre måtar der vi på fleire område kan utnytte ressursane enda betre enn det vi faktisk gjer i dag. Vi må planleggje desse prosessane godt og sjå verknadene av tiltak i heilskap og over tid. Kjerneoppgåvene må drivast med forutsigbarheit for både dei tilsette og brukarane.

Utfordringar gjer også at Volda kommune er langt framme i utviklingsarbeid. Vi er opptekne av kompetanse i organisasjonen og engasjerte medarbeidarar som får brukt ressursane sine i dagleg tenesteyting, samt i endrings- og utviklingsarbeid. Det er det som driv oss framover. Dette viser også historia i organisasjonar som har vore gjennom endringar og utvikla seg. Dei fleste kommunane rundt om i landet står overfor liknande utfordringar som Volda og er i endringsprosessar. Volda kommune er godt rigga til å gjennomføre endringar, og eg er stolt over å leie ein organisasjon som har så gode leiarar og så kompetente tilsette. Det er daglege solskinshistorier som vitnar om godt arbeid og tilfredse brukarar og innbyggjarar innanfor alle tenesteområde. Vi skulle gjerne ha bore dei betre fram i offentlegheita. Det er grunn til å skryte, og det er lov å vere litt meir frampå for å få fram desse historiene frå den enkelte arbeidsplass.

Eg vil framleis minne om at koronasituasjonen ikkje er over. Smitta er ikkje borte frå det norske samfunnet. Det er viktig å følgje dei grunnleggjande smittevernreglane. Hald avstand, vask hendene ofte og hald deg heime dersom du er sjuk.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:
<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert.

Koronasituasjonen har medført formidable endringsprosessar i tenestene. De har bygt opp beredskap, de har måtta stengje ned og gradvis opne opp med strenge

smittevernreglar. Alt dette skal handterast internt og opp mot brukarane og offentlegheita. Dette veit eg er krevjande, og eg har står forståing for at de kjenner på at dette tek på energien. Statsministeren har også vore inne på dette i sine talar. Ho bur oss på at vi må stå denne situasjonen ei periode framover. Smitteverntiltaka har gjort at situasjonen er under kontroll. Det er spenning knytt til hausten, men vi får håpe at vi da også har lite smittespreiing. I alle høve er det viktig å samle krefter no framover. Særleg viktig vert det å kople godt av i ferien og kome attende med nye krefter.

Eg ynskjer deg ei god helg når den tid kjem.

Beste helsing
Rune Sjurgard
Kommunedirektør